




Sunnfjord
kommune

Vintervedlikehald – orientering til formannskapet

Vurdering av vederlagsmodell



1 Bakgrunn og formål med notat

I vedtak om årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan 2025-2028 13.12.2024 er det vedtatt (punkt 5 g):

«g. Før utlysning av nye brøytekontrakter må forholdet mellom fast beredskap og timesats vurderast i lys av kostnader med brøytekontrakter. Det bør innhenta erfaringstal frå relevante kommunar.»

I kunnskapsgrunnlag 05.06.2025 frå PwC går følgande fram:

- «• Sunnfjord kommune har mange km kommunal veg og kva som er definert som kommunal- eller privat veg varierer mellom dei tidlegare kommunane. Bør gjennomføre eit prosjekt for å harmonisere dette.
- Store kostnader knytt til vintervedlikehaldskontrakter. Kontraktstypen bør vurderast når dei skal fornyast.
- Bør også vurdere om kommunen i større grad skal bruke private leverandører av tenester.»

2 Oversikt over volum, budsjett og rekneskap

Sunnfjord kommune har totalt ca. 320 km kommunal veg der ca. 298 km blir brøyt av eksterne. De resterande 22 km blir brøyt av kommunen sjølv.

Hovudtyngda av gjeldande brøytekontrakter går ut i mai 2026. Etter kontraktene betaler kommunen ein fastpris for brøyting, strøing og nokre andre tenester. Kommunen betaler ca. kr 20 000 000 i året for vinterdrift. Gjeldande kontraktar har fast pris, slik at denne kostnaden er relativt stabil.

3 Vurdering gjennomført

- Gjeldande brøytekontraktar har fastpris. Budsjettvedtaket er tolka slik vi skulle gjere ei vurdering av om vi skal halde fram med fastpriskontraktar eller om vi skal gå over til variabel pris.
- I samband med førebuing av ny konkurranse har faggruppa vurdert vederlagsmodellen. Det er gjennomført teamsmøte med Stryn, Volda og Stord kommune for å hente inn erfaringar og erfaringstal frå samanliknbare kommunar. I tillegg har vi fått oversendt erfaringstal frå Sogndal kommune. Vi har også vore i kontakt med fylkeskommunen for å få overordna informasjon om kva slags vederlagsmodell dei nyttar i sine avtaler om vinterdrift. I tillegg har vi gjennomført møte med Innkjøpskontoret AS for å høyre om erfaringar frå gjennomføring av konkurransar.
- I ny konkurranse blir det lagt opp ein kombinasjon av variabel pris og fastpris. Den største endringa frå fastpris til variabel pris er at kommunen i stor grad overtek risikoen for volum/snømengde. Dette skal i seg sjølv tilseie lågare prisar da vi ikkje betaler for at andre tek denne risikoen. Erfaringstala vi har

motteke støtter opp under dette, men skilnaden er ikkje veldig stor. Har vi vintrar med lite snø, vil fastpris sannsynlegvis vere dyrt. Kjem det vintrar med stor snøfall kan det vere at fastpris vil vore rimelegare for kommunen. Over tid kan det jamne seg ut, men det vet vi ikkje sikkert. Variabel pris vil sørge for at kostnaden med brøyting i større grad er knytt til mengda arbeid som blir utført. Det kan vere positivt både for kommunen og leverandørane.

- Vi beheld eit fastpriselement som gjer at våre brøytekostnadar ikkje utelukka er knytt til volum/snømengde. Vurderinga er at eit fastpriselement vil sørge for at leverandørane får dekt beredskapskostnader også ved vintrar med lite snø. Vurderinga er vidare at eit slik fastpriselement er naudsynt for at kontraktane skal vere attraktive.

